

# «Fordi eg betyr noko»

## Verdsdagen for lindrande behandling



## FOLKEMØTE

PÅ HØGSKULEN I SOGNDAL 18.10.18

KL 18.00-21.00

AUDITORIET JOSTEN

- Velkomst og musikalsk innslag
- Pårørandeerfaring v/Kari Malmanger
- «Er det alltid lys i mørket?» v/prest Kjell Olav Nordheim og diakon Gitte Therkelsen Torstad
- Pause med enkel bevertning
- «Fordi eg betyr noko» v/lege Helge Sårheim, Palliativt team Helse Førde
- «Hjelp eg er sjuk» v/Frisklivssentralen og Frivillighetssentralen
- Oppsummering og slutt

Arr: Kreftkoordinator i Sogndal, Helse Førde og  
Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest



# «Fordi eg betyr noko»

## Verdsdagen for lindrande behandling

Vi inviterer til temakveld der vi set fokus på korleis det er å møte alvorleg sjukdom i nær familie, og kva møte med alvorleg sjukdom gjer med oss menneske. Vi ynskjer å syne at «det er lys i mørket», og at du betyr noko også når du vert ramma av alvorleg sjukdom.

Kari Malmanger har opplevd at barnet hennar vart alvorleg sjuk av kreft. Ho vil dele deira historie med oss.

Prest Kjell Olav Nordheim og diakon Gitte Therkelsen Torstad vil snakke rundt temaet «Er det alltid lys i mørket?» Dei har begge mange års erfaring i møte med menneske som vert råka av alvorleg sjukdom og død.

Lege Helge Sårheim i Palliativt team, Helse Førde, har tema «Fordi eg betyr noko». Palliasjon/lindrande behandling er aktiv behandling, pleie og omsorg for pasientar med alvorleg sjukdom og kort forventet levetid. Eit av dei mest kjende sitat innan lindrande behandling er: *«You matter because you are you. You matter to the last moment of your life, and we will do all that we can to help you, not only to die peacefully, but to live until you die»*. Kva ynskjer du for dagane som ligg føre? Kva er viktig for deg no? Dette er spørsmål som vert stilt i samtale med den palliative pasienten. Vi ynskjer å sjå heile mennesket, ikkje berre sjukdomen.

Frisklivssentralen i Sogndal er ei interkommunal helsefremjande og førebyggjande helseteneste i Luster og Sogndal kommunar. Dei har fokus på at «sjølv små endringar i kvardagen kan ha betydning for helsa di»

Frivillighetssentralen i Sogndal set fokus på at alle har noko å gje, og at alle treng ei hand. Engasjementet deira er at menneske skal møtast gjennom frivillig innsats som skaper ny meining i livet.